

## DAGSORDEN

### Styringsgruppa for Miljøløftet

Stad: Folgefonna, Vestlandshuset

Dato: 26. april 2024

Klokkeslett: 09:00-12:00

Saksbehandlar: Aina Haugstad

Dato: 19. april 2024

### Saksliste byvekstvtalen

- Sak 24/24 Godkjenning av innkalling og saksliste
- Sak 25/24 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 22.03.2024
- Sak 26/24 Nasjonal transportplan
- Sak 27/24 Handlingsprogram 2025-2028
- Sak 28/24 Indikator for arbeidsplassintensive arbeidsplassar
- Sak 29/24 Årsmelding 2023
- Sak 30/24 RVU 2023
- Sak 31/24 Gjennomgangstrafikk i byvekstområda
- Sak 32/24 Møtedatoar til hausten
- Sak 33/24 Eventuelt byvekstvtalen

### Saksliste bypakke Bergen

- Sak 34/24 Ansvarsfordeling i bompengesektoren og nøkkeltal frå Ferde
- Sak 35/24 Eventuelt bypakke Bergen

## Saksliste byvekstvtalen

### Sak 24/24 Godkjenning av innkalling og saksliste

*Forslag til vedtak: Innkalling og saksliste er godkjend.*

### Sak 25/24 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 22.03.2024

#### Vedlegg 1

*Forslag til vedtak: Vedlagt referat er godkjent.*

### Sak 26/24 Nasjonal transportplan

Samferdselsdepartementet la fram sitt forslag til ny Nasjonal transportplan 22. mars. Statens vegvesen gir ei oppsummering av dei viktigaste signala for Miljøløftet.

*Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.*

### Sak 27/24 Handlingsprogram 2025-2028

#### Vedlegg 2, 2a

Saka er del av fleire saker knytt til rullering av handlingsprogram 2025 – 2028. Av omsyn til framlegginga av NTP 22. mars, vart førre møte korta ned, og det blei berre fatta vedtak på bruk av statlege post 30-midlar. Til dette møtet er det lagt opp til handsaming av dei resterande budsjettpostane og med det eit ferdig handlingsprogram.

Saka har blitt diskutert i prioriteringsrådet, som har gjort ei samla vurdering av framlegget til handlingsprogram, basert på porteføljestyingskriteria i byvekstvtalen.

Ein førebels utgåve av prosjektporteføljen ligg ved (vedlegg 2a). Denne inneheld alle prosjekt som er spelt inn i Miljøløftet, uavhengig av om dei er aktuelle for kommande handlingsprogram, eller for seinare rulleringar. Prosjektporteføljen inneheld ingen tal, desse blir oppdaterte på eit seinare tidspunkt. For kostnadsoverslag til enkeltprosjekt, blir det vist til saksframlegget.

*Forslag til vedtak: Styringsgruppa gir sin tilslutnad til Miljøløftet sitt handlingsprogram 2025-2028, i tråd med konklusjonane i møtet. Sekretariatet gjer naudsynte tilpassingar og ferdigstiller dokumenta. Handlingsprogram 2025-2028 blir sendt til partane for lokalpolitisk handsaming innan sommaren 2024.*

*Styringsgruppa stiller seg bak disponeringa av Belønningsmidlar i 2024 i tråd med tabellane 5-9.*

### Sak 28/24 Indikator for besøks- og arbeidsplassintensive arbeidsplassar

#### Vedlegg 3

I byvekstvtalen er det krav om rapportering på to indikatorar knytt til areal annakvart år:

- Bustaders avstand til større sentra/store kollektivknutepunkt i avtaleområdet.
- Besøks-/arbeidsplassintensive arbeidsplassars avstand til større sentra/store kollektivknutepunkt i avtaleområdet.

I Miljøløftet har det til no ikkje blitt rapportert på indikator for besøks- og arbeidsplassintensive arbeidsplassar. Det er ulike årsaker til dette, men det er no utarbeidd forslag til metodikk for også å kunne ivareta dette kravet (sjå vedlegg 3). Metoden har blitt utvikla i samarbeid med Vestland fylkeskommune. Med denne tilnærminga er det mogleg å berekne utvikling også tilbake i tid, slik at Miljøløftet no har eit fullt indikatorsett i tråd med krava i byvekstavtalen. For å sjå ei visuell framstilling av indikatoren, visast det til vedlegg 4, Årsmelding 2023.

*Forslag til vedtak: Styringsgruppa for Miljøløftet tek saka til orientering.*

## **Sak 29/24 Årsmelding 2023**

### **Vedlegg 4**

Årsmelding 2023 er klar (vedlegg 4). Årsmeldinga baserer seg på innspel frå alle partane i Miljøløftet. Sekretariatet gir ein gjennomgang av resultatata i møtet.

*Forslag til vedtak: Styringsgruppa for Miljøløftet tek årsmeldinga til orientering. Årsmeldinga blir sendt til lokalpolitisk orientering før sommaren.*

## **Sak 30/24 Reisevaneundersøkinga (RVU) 2023**

Statens vegvesen og dei offentlege samferdselsverksemdene gjennomfører årleg ei undersøking om transportvaner i befolkninga. Resultata blir nytta til å planlegge framtidens nasjonale transportsystem, for alle trafikantgrupper. Deltakarane blir tilfeldig trekte ut frå Folkeregisteret og undersøkinga tek om lag 20-40 minutt å svare på. Det er Opinion i samarbeid med Norstat som registrerer svarea. Det er eit avgrensa tal personar, frå og med 13 år, som blir inviterte via personleg brev til å svare på undersøkinga.

Statens vegvesen presenterer resultat frå Reisevaneundersøkinga 2023.

*Forslag til vedtak: Styringsgruppa for Miljøløftet tek saka til orientering.*

## **Sak 31/24 Gjennomgangstrafikk i byvekstområda**

Byindeksen reknar ut endring i trafikkmengd for byområdet. Metoden er basert på trafikkregistreringar frå faste punkt fordelt på riks- og fylkesvegar, samt på enkelte kommunale vegar, og er meint å gi eit representativt bilete av trafikkutviklinga i avtaleområdet. For kvart trafikkregistreringspunkt blir trafikk samanlikna dato for dato og time for time mellom to påfølgande år. Det blir tatt omsyn til periodar der registreringsutstyret ikkje har vore i drift, og periodar der trafikken i stor grad er påverka av vegstengingar og omkøyningar.

Sidan byindeksen ikkje bereknar gjennomgangstrafikk, har Statens vegvesen utvikla ein metode for å vurdere kor stor del av trafikken gjennomgangstrafikken utgjer. Det er nytta transportmodell og GPS-data frå køyretøy til å berekne gjennomgangstrafikken i avtaleområdet. Resultata blir presentert i møtet.

*Forslag til vedtak: Styringsgruppa for Miljøløftet tek saka til orientering.*

## **Sak 32/24 Møtedatoar til hausten**

Følgande møtedatoar er føreslått. Innkalling blir sendt.

Fredag 4. oktober, 09-12

Tysdag 5. november 09-12

Onsdag 4. desember 09-12

*Forslag til vedtak: Styringsgruppa for Miljøløftet tek saka til orientering.*

## **Sak 33/24 Eventuelt byvekstavtalen**

### **Saksliste bypakke Bergen**

## **Sak 34/24 Ansvarsfordeling i bompengesektoren og nøkkeltal frå Ferde**

På oppdrag frå Vestland fylkeskommune, har Ferde fått oppgåva med å krevje inn bompengar i Bergen. Ferde presenterer ansvarsfordeling og nøkkeltal frå sin årsrapport.

*Forslag til vedtak: Styringsgruppa for bypakke Bergen tek saka til orientering.*

## **Sak 35/24 Eventuelt bypakke Bergen**